Statsforvaltaren i Vestland

Sted: Bergen
Vår ref.(oppgi ved svar): 2019/1448
Dato: 25. november 2021
Dykkar ref.: -

METALLCO BERGEN AS
Postboks 15 Alnabru
0614 Oslo

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Metallco Bergen AS

Kontrollnummer: 2021.288.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Gunnar Olsen
Tom Gusdal

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Astrid Holte
Kristin Espeset

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Metallco Bergen AS den 18. oktober 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 1 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1: Handtering av EE-avfall er ikkje i tråd med løyvet og avfallsforskrifta

Merknader:

1. Internkontrollen kan forbetrast
2. Informasjon til kundar kan forbetrast

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

25.11.2021	Astrid Holte	Kristin Espeset
dato	senioringeniør	senioringeniør
	Statsforvaltaren i Vestland	

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Metallco Bergen AS	
Organisasjonsnr.: 97191887	**Eigd av:** 889976322
Bransjenr. (NACE-kode): 46.770 Engroshandel med avfall og skrap	

Kontrollert eining

Namn: Metallco Bergen	**Anleggsnr.:** 4601.0778.01
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall- mottak og mellomlagring, gjenvinning av metall- og EE-avfall	
Løyve gitt: 20.12.2018	**Sist endra:** -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år og er del av ein landsdekkande aksjon for kontroll av anlegg som handterer EE-avfall og metallavfall.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Mottakskontroll
- Handtering av EE-avfall og farleg avfall
- Internkontroll
- Registrering og rapportering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Metallco Bergen AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. mars 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknadene er fulgt opp.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 18. oktober 2021. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Metallco Bergen betale eit gebyr på kr 27 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Handtering av EE-avfall er ikkje i tråd med løyvet og avfallsforskrifta

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd :

- Punkt 1 lovverk og krav
- Punkt 2 om kompetanse

Løyvet:

- vilkår 3.3 om informasjon til kundar
- vilkår 3.2 om mottakskontroll
- vilkår 2.6 om kompetanse

Kommentarar til regelverket

Informasjon til kundar

I løyve punkt 3.3 er det sett følgjande krav:
Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Det skal særleg informerast om at EE-avfall, farleg avfall og våtorganisk avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av kontainarar, krav i kontraktar og avtalar, informasjon på nettsider med vidare.

Mottakskontroll vilkår 3.2 i løyvet

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Rutiner og avvikshåndtering – § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brudd på miljøregelverket. Rutinane må være dokumentert slik at dei kan inngå i internkontrollen. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar. Rutinar og avvikshandtering skal dokumenterast skriftleg. Rutinane skal sikre at vilkår i løyvet blir overholdt.

Kunnskap om regelverket og kompetanse

I internkontrollforskrifta §5, andre ledd Lovverk og krav – punkt 1 går det fram følgande:
Verksemda skal sørge for at dei lover og forskrifter som gjeld for verksemda er tilgjengeleg, og skal ha oversikt over dei krav som er særleg viktig for verksemda.

I løyvet vilkår 2.6 er følgande krav:
«Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast. Verksemda skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere miljørisiko ved verksemda.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område:
- farleg avfall og EE-avfall: Opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere farleg avfall og EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling.»

I internkontrollforskrifta §5, andre ledd, pkt 2 går det fram at verksemda må sørge for at arbeidstakarane har tilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringar.

Observasjonar

Informasjon til kundar

Metallco AS har ein standardkjøpsavtale kalt «Avtale om utstedelse av salgsdokumenter i forbindelse med leveranse av jern og/eller metall mellom selger og Metallco (kjøper)». I dette avtaledokumentet er det ikkje fastsett krav om at EE-avfall og farleg avfall skal leverast som eigne fraksjonar.

Mottakskontroll og avvikshandtering

Verksemda opplyser at dei plukkar ut EE-avfall frå anna avfall (for eksempel frå kompleks), men dette blir ikkje ført i avviksystemet. Det blir tatt kontakt munnleg med dei kundane som har gjort feil.

Kunnskap om regelverket og kompetanse

Verksemda mangla kunnskap om kva avfall som er EE-avfall. Mellom anna rekna dei ikkje elsyklar og store maskinar som EE-avfall. Elektromotorar blir handtert som ein eigen fraksjon, men blir ikkje klassifisert, handtert og rapportert som EE-avfall.

Feil forståing om kva som er rekna som EE-avfall gjer at dette avfallet ikkje blir handtert forsvarleg, det blir heller ikkje registrert og journalført slik det skal.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Internkontrollen kan forbetrast

Kommentar:
Risikovurdering
Det går ikkje tydeleg fram av risikovurderinga at EE-avfall i kompleks er risikovurdert.

Merknad 2: Informasjon til kundar kan forbetrast

Kommentar:
I ein konkret kontrakt med ein aktør er EE-avfall lista opp separat frå metallavfall, men det er ikkje eksplisitt kontraktsfesta at EE-avfall ikkje skal blandast med anna avfall.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren